

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
185/15	Formannskapet	PS	03.12.2015
169/15	Kommunestyret	PS	17.12.2015

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Torleiv Frotjold	FA - A10	15/1061

### Endring av vedtekten for barnehagane i Austrheim kommune

#### Vedlegg

Vedtekter for barnehagane i Austrheim pr. juni 2014

Tillegg til sak 115 - endring av bhg vedtekten

#### Framlegg til vedtak:

Med verknad frå og med 1. januar 2016, innfører Austrheim kommune eitt barnehageopptak i året. §7 i vedtekten vert då slik:

«Austrheim kommune gjennomfører samordna opptak. Det er eitt hovudopptak med søkerfrist 1. mars.

Kommunen følgjer nasjonale reglar når det gjeld rett til barnehageplass – barnehageloven § 12a.

Det er utarbeidd eit felles elektronisk søkerkjema for barnehagane i Austrheim. Dette finn ein på kommunen si heimeside. Opptaksnemnda er samansett av styrarane i barnehagane, helsesøster og ein representant frå barnevernet. Nemnda vert leia av rådmannen v/kommunalsjef for oppvekst.

Dersom det er ledige plassar, og det er nok personale, kan ein ta inn born utanom hovudopptaket. Dette gjeld berre for born som har lovfesta rett til barnehageplass.»

#### Formannskapet - 185/15

#### FS - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrådstilt.

**FS - vedtak:**

Med verknad frå og med 1. januar 2016, innfører Austrheim kommune eitt barnehageopptak i året.  
§7 i vedtekten vert då slik:

«Austrheim kommune gjennomfører samordna opptak. Det er eitt hovudopptak med søkerfrist 1. mars.

Kommunen følgjer nasjonale reglar når det gjeld rett til barnehageplass – barnehageloven § 12a.

Det er utarbeidd eit felles elektronisk søkerkjema for barnehagane i Austrheim. Dette finn ein på kommunen si heimeside. Opptaksnemnda er samansett av styrarane i barnehagane, helsesøster og ein representant frå barnevernet. Nemnda vert leia av rådmannen v/kommunalsjef for oppvekst.

Dersom det er ledige plassar, og det er nok personale, kan ein ta inn born utanom hovudopptaket.  
Dette gjeld berre for born som har lovfesta rett til barnehageplass.»

**Kommunestyret - 169/15****KS - behandling:**

Formannskapet sit tilråding vart samrådstest vedteke.

**KS - vedtak:**

Med verknad frå og med 1. januar 2016, innfører Austrheim kommune eitt barnehageopptak i året.  
§7 i vedtekten vert då slik:

«Austrheim kommune gjennomfører samordna opptak. Det er eitt hovudopptak med søkerfrist 1. mars.

Kommunen følgjer nasjonale reglar når det gjeld rett til barnehageplass – barnehageloven § 12a.

Det er utarbeidd eit felles elektronisk søkerkjema for barnehagane i Austrheim. Dette finn ein på kommunen si heimeside. Opptaksnemnda er samansett av styrarane i barnehagane, helsesøster og ein representant frå barnevernet. Nemnda vert leia av rådmannen v/kommunalsjef for oppvekst.

Dersom det er ledige plassar, og det er nok personale, kan ein ta inn born utanom hovudopptaket.  
Dette gjeld berre for born som har lovfesta rett til barnehageplass.»

## **Saksopplysninger:**

Fram til juni 2014 hadde Austrheim kommune vedtekter for barnehagane som gav kontinuerleg barehageoppak. D.v.s. at ein fekk plass i barnehagen uansett kor tid på året ein søkte. Dette var ei ordning som gjorde personal- og gruppeplanlegging i barnehagane uføreseielege, og vanskeleg å handtere reint administrativt, og i budsjettsamanheng. Vidare var det ei kostbar ordning, då ein måtte justere bemanninga fleire gongar i året, alt etter kor tid det kom inn søknader.

I 2014 vart vedtekten (sjå vedlegg) - §7 – endra slik at ein innførte to barnehageopptak pr. år, med søkerfristar 1. mars for dei som skulle begynne i august, og 1. september for dei som kunne begynne i januar. Sjå gjeldande vedtekter - § 7 – i vedlegget til denne saka.

Med dette framlegget ønskjer rådmannen å gå ned til eitt opptak pr. år, gjeldande f.o.m. barnehageåret 2016/2017. Det vil vere i samsvar med krav i barnehagelova § 12 a – 3. ledd:  
«Kommunen skal ha minimum ett opptak i året. Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen.»

Sjølve retten til barnehageplass er formulert i barnehagelova § 12 a - 1. ledd: «Barn som fyler eitt år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage frå august i samsvar med denne loven med forskrifter.»

## **Grunngjeving:**

Eitt opptak for året er meir føreseieleg med tanke på planlegging av barnehagane sin kapasitet i året som kjem. Dette har med bemanning å gjere. Med to opptak pr. år er det ofte aktuelt å auke bemanninga f.o.m. januar for å kunne ta inn alle med rett som søker pr. 1. september. To opptak pr. år er såleis ei dyrare ordning for kommunen.

Med eitt opptak pr. år, og søkerfrist pr. 1. mars, vil ein kunne planlegge sikkert for heile barnehageåret, og dermed ha ein meir føreseieleg økonomi å forhalde seg til.

Eitt opptak har følgjande blempe for brukarane i høve to opptak: Dei som ikkje søker innan 1. mars kan kome på venteliste til neste barnehageår, sjølv om dei har rett til plass ut frå barnet sin alder. Retten knyter seg til at ein har søkt innan gjeldande frist, og at barnet fyller eitt år innan utgangen av august.

Likevel kan ein ha høve til å ta inn barn frå ei slik venteliste i løpet av året, dersom enkelte avdelingar i barnehagane har ledig plass innafor planlagt kapasitet. Jfr. §7 – siste ledd i vedtekten.

## **Konklusjon**

Med verknad frå og med 1. januar 2016, innfører Austrheim kommune eitt barnehageopptak i året. §7 i vedtekten vert då slik:

«Austrheim kommune gjennomfører samordna opptak. Det er eitt hovudopptak med søkerfrist 1. mars.

Kommunen følgjer nasjonale reglar når det gjeld rett til barnehageplass – barnehageloven § 12a.

Det er utarbeidd eit felles elektronisk søkerkjema for barnehagane i Austrheim. Dette finn ein på kommunen si heimeside. Opptaksnemnda er samansett av styrarane i barnehagane, helsesøster og ein representant frå barnevernet. Nemnda vert leia av rådmannen v/kommunalsjef for oppvekst.

Dersom det er ledige plassar, og det er nok personale, kan ein ta inn born utanom hovudopptaket.  
Dette gjeld berre for born som har lovfesta rett til barnehageplass.»